
**SKJEMA FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2023 - 2035**

<b>1. Informasjon om forslagsstiller</b>			
Namn: Mjelde Bygg AS	Adresse: Mjelddalen 85, 5286 Haus	Tlf: 56397878	Epost: Hei@mjeldebygg.no
<b>2. Informasjon om eigedom</b>			
Gardsnr.	Bruksnr.	Grunneigar	
62	158	Mjelde Bygg AS	
<b>3. Informasjon om arealbruk idag</b>			
Kva er arealføremålet i gjeldande kommuneplan: Bustadar – noverande			
Kva vart arealet nytta til tidlegare?  Naturområde			
Kva er bruken i dag?  Området er avsett i dagens KPA til «Bustader – noverande»			
<b>4. Informasjon om ny arealbruk</b>			
Kva ny arealbruk er ønska?  Mjelde Bygg AS ønsker at markert areal vert vidareført med arealføremål «Bustadar - framtidig» i ny KPA.			
Kva er bakgrunnen for endra arealbruk:  Forslaget er i hovudsak ei vidareføring av arealet som bustadføremål. Sidan det er framtidig areal vert forslaget å eventuelt endre det til «Bustader – framtidig»			



Beskriv omfang av planlagt arealbruk både på land og i sjø:

#### 5. Kart

Område for arealendringa skal teiknast inn på kart i målestokk  $\approx 1:1000$ . Underlagskart kan printast ut frå <http://nordhordland.avinet.no/> eller ta kontakt med kommunen. Kartskisse skal leggast ved søknadsskjema. Må merkast med gnr/bnr. på det aktuelle arealet og med namn på forslagsstiller.

#### 6. Alle arealinnspel må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:

JA  JA i stor grad  NEI

Om ja: Kva mål høyrer innspelet inn under: Skriv mål:

##### *Ein berekraftig arealbrukspolitikk*

Kommunen skal leggje til rette for bygging i sentra og i tilknytning til eksisterande bustadområde. Storparten av bustadbygging skal kome i felt, og då i første rekke i tilknytning til eksisterande bustadfelt og sentra. For å sikre levedyktige områdesenter med variert og sterke tenestetilbod, må hovudvekta av framtidig utvikling kome i aksen mellom Lonevåg–Valestrand–Haus.

Er arealinnspelet i samsvar med mål i kommuneplanen sin arealstrategi:


JA  JA i stor grad  NEI

Om ja: Kva arealstrategi høyrer innspelet inn under: Skriv arealstrategi:

Osterøy kommune skal halde fram med eksisterande senterstruktur og vidareutvikle denne med Lonevåg som kommunesenter, og Haus, Valestrand/Hauge og Fotlandsvåg som lokale sentra.

Hovudtyngda av bustadbygginga skal skje i regulerte område i tilknytning til kommunesenteret og lokale sentra.

Kommunen skal i størst mogleg grad fremje fortetting i kommunesenter, områdesentra og bygder. Nytt byggjeland kan takast i bruk etter behov innanfor dei rammene som arealstrategien set opp.



**Område for bustader:**

Osterøy kommune skal sikre gode bumiljø for innbyggjarar i alle livsfasar, og gjennom arealplanlegginga skal kommunen stimulera til auka differensiering i bustadmarknaden med omsyn til storleik, pris og eigedomstilhøve

Om nei: Kva arealstrategi kan arealinnspelet kome i konflikt med:

**Skjema skal sendast til epost:**

[post@osteroy.kommune.no](mailto:post@osteroy.kommune.no)

**eller som post til:**

**Osterøy kommune**

**Postboks 1,**

**5293 Lonevåg**

**VIKTIG: Merk oversendinga med «Innspele: Kommeplanen sin arealdel 2023 - 2035» og gnr/bnr. på det aktuelle arealet og namn på forslagsstillar**

## RETTLEIAR FOR UTFYLLING AV SKJEMA FOR AREALINNSPEL

**1. Informasjon om forslagsstillar**

Fyll inn namn på person og/eller selskap som fremjar innspel om arealendring, i tillegg til kontaktinformasjon.


**2. Informasjon om eigedom**

Fyll inn alle gardsnr. og bruksnr. og den personen som står oppført som eigar på dei ulike areala.

**3. Informasjon om arealbruk i dag**

Sett inn det arealføremålet som ligg i gjeldande kommuneplan. Kommuneplanen finn du på kommunen si heimeside under «Planar og styringsdokument».

Gje eit kort skildring av kva området har vore nytta til og kva det er nytta til i dag, det vil seia om det er det gamalt landbruksareal, beitemark, badeområde, utfyllingsareal eller liknande.



#### 4. Endra arealbruk

Gje ei kort skildring av kva føremål ein ynskjer å nytta arealet til. Det skal her opplysast om kva eventuelle bygningar skal nyttast til og kva resterande areal skal nyttast til, til dømes tilkomstveg, parkering og liknande. Hugs å ta med alle detaljer.

Grunngje bakgrunnen for kvifor ein ynskjer endra arealbruk.

Gje ei kort oversikt over omfang og storleik på tiltak som er planlagd, det vil sei tal på bygg, lengde og storleik på anlegg, trong for infrastruktur, terrenginngrep og anna som er relevant for å etablera tiltaket.

#### 5. Kart

Avgrensing av arealinnspelet må teiknast inn på eit kart i målestokk  $\approx 1:1000$ . Dette kan gjerast ved at ein går inn på <http://nordhordland.avinet.no/> Her vil ikkje målestokken kunne setjast til 1:1000 men bruk det som er tilnærma likt. Teikn inn avgrensing av heile området og eventuelle avgrensingar i sjølve arealet dersom det er ynskje om å avsette til fleire ulike føremål.

---

**Dersom det er spørsmål til korleis ein utformar innspela eller det er trong for hjelp til å fylle ut eller teikne inn føremål ver snill å ta kontakt med Osterøy kommune si planavdeling på tlf: 56 19 21 00. Dersom det er ynskje om hjelp eller anna rettleiing kan de òg kome innom til servicetorget eller planavdelinga til kommunen.**